



Arkivnr: 2014/43-21

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		20.08.2014
Fylkesutvalet		26.08.2014

Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta - fylkeskommunal eigendel

Samandrag

Fylkeskommunen er etter søknad tildelt 0,62 mill kr i statleg stønad frå KID-ordninga. Det er eit fast vilkår i ordninga at det vert ein eigendel på same sum. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvt 0,42 mill kr i fylkeskommunal eigendel.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 420 000 til eigendel i KID-ordninga for 2014.

Stad	Art	Tekst	Kr
10 720 20000	14900	Til rådvelde for fylkesutvalet/tilleggsøyvingar	- 420 000
10 300 25000	370010198	Kjøp frå andre	+420 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.05.2014

Bakgrunn

Fylkesutvalet gjorde i møte 19.02.14 følgjande vedtak i sak PS 39/14:

«1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert søkt om tilskot for 2014 frå Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta i følgjande prioriteringsrekkjefølgje:

<u>Prosjekt/prosjektgruppe</u>	<u>Statleg tilskot</u>
1. Pågåande KID-prosjekt	3 020 000
2. Nye KID-prosjekt	390 000
<u>Sum</u>	<u>3 410 000</u>

I prioriteringa byter tiltaket "Lokalbåtrute i Austevoll" plass med "Skibuss Odda-Jondal".

Prioriteringa innan prosjektgruppene skal elles vere lik den i sakframstillinga.

2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele det statlege tilskotet mellom prosjekta.

3. Fylkesutvalet legg til grunn at sak om fylkeskommunal eigendel vert lagt fram når den statlege tildelinga er kjend.»

Punkt 1 i vedtaket blei følgt opp ved brev av 19.02.14 til Samferdselsdepartementet (SD). I brev av 28.04.14 frå SD vert det opplyst at fylkeskommunen er tildelt 0,62 mill kr frå ordninga.

Saksopplysningar

På grunnlag av brevet frå SD er punkt 2 i vedtaket under oppfølging. Prosjekta vil bli vidareført/sett i gong så snart punkt 3 i vedtaket er følgt opp, det vil seie snarast etter at denne løyvingssaka er handsama.

Som bakgrunn for denne saka syner fylkesrådmannen til sak PS 39/14. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at det samla vert løyvd same sum i frå fylkeskommunen/kommunane.

Som følgje av at løyvinga frå SD er lågare enn det omsøkte tilskotet, er det ikkje rom for å gjennomføre alle dei planlagte tiltaka, og ein må redusere budsjettet på dei høgast prioriterte tiltaka. Med heimel i punkt 2 i vedtaket har fylkesrådmannen kome til at heile den statlege løyvinga må gå til prosjektgruppa 'pågåande KID-prosjekt'. Fordelinga bør vere 0,35 mill kr til Pilotprosjekt nytt fleksibelt ruteopplegg i Hardanger og Voss, 0,2 mill kr til samordna fleksible ruter i Sund og 0,07 mill kr til samordningsrute i Jondal. Sund kommune vil bidra med ein eigendel på 0,2 mill kr. Eitersom tildelinga er på 0,62 mill kr, kan den fylkeskommunale eigendelen difor reduserast til 0,42 mill kr. Det må nemnast at Sund kommune vil nytte ytterlegare 0,3 mill kr til KID-prosjektet der.

Vurdering

I lys av storleiken på SD si tildeling og føresetnaden i fylkesutvalsvedtaket, rår fylkesrådmannen til at det vert løyvd 0,42 mill kr til fylkeskommunal eigendel i KID-ordninga 2014. Fylkesrådmannen rår til at beløpet vert henta frå fylkesutvalet sin rådveldepost.